



INFORMASJON OM TILSKOT FRÅ POST 74 I 2018

I statsbudsjettet for 2018 er det på Riksantikvaren sitt budsjett, kapittel 1429 post 74 Fartyvern, sett av kroner 61 883 000,- til fartyvern og grunntilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern.

Prop. 1S 2017-2018, post 74 tilskot til farty

Mål

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for fartøy.

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningslinjer.

Kriteria for måloppnåing

- Fartøy blir sikra mot tap
- Fartøy oppnår forbetra tilstandsgrad
- Fartøy haldast i operativ stand
- Fartøy beheld sertifikata

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale mellom Riksantikvaren og eigar om status som verna skip.

Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings-, istandsetjings- og vedlikehaldsarbeid. Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av, prioriterast. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak. Eit grunntilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern blir utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter vurdering av følgjande ved fartøya:

- allmenn interesse
- offentleg tilgang
- økonomisk gjennomføringsvilje og -evne
- potensiale for lokalt engasjement
- særlege opplevings- og formidlingsverdiar

Tiltak det blir gitt tilskot til skal gjennomförast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av vedlikehalds- og istandsettingstiltak, skal Riksantikvaren prioritere fartøy med kjent tilstand og ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport.



Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar skal levere sluttrapport på utført arbeid. Rapporten skal også omfatte ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gitt i dei enkelte tilskotsbreva. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sett. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Særskild om søknadsrunden i 2018

Det har kome inn søknader frå 146 farty, seks SAVOS-fylke og ein SAVOS-kommune på om lag kr. 252 millionar for inneverande år. Riksantikvaren sitt budsjett for 2018 dekkjer berre om lag 25 % av den samla søknadssummen. Dette medfører at einskilde farty som oppfyller kriteria for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel vil måtte få avslag eller redusert beløp i høve til søknaden.

Innanfor tildelingskriteriene frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren difor gjort ei ytterlegare prioritering som framkjem av lista under.

Følgjande vert prioriteringar i 2018:

Samla for alle prioriteringane, er at dei skal bidra til å sikre den antikvariske handverkskompetansen knytt til fartyvern, og også bidra til sysselsetjing.

1. *Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er igangsett med tilskot frå Riksantikvaren*
2. *Vidareføre prosjekt som legg beslag på slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av Riksantikvaren*
3. *Freda farty*
4. *Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar.*
5. *Fartøy med stor frivillig innsats*

Følgjande vert ikkje prioritert i 2018:

1. *Kosmetiske tiltak*
2. *Tilbakeføringer eller endringar som ikkje inngår i allereie igangsette tiltak*
3. *Igangsetting av nye prosjekt*
4. *Igangsetting av prosjekt utan tilstrekkeleg tilstandsvurdering, restaureringsplan og prisestimat*
5. *Tiltak som ikkje kjem fartyet direkte til gode, som t.d. ulike former for formidlingsprosjekt og liknande*

Søknadsfrist for tilskot i 2019

Frist for søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 74 er 1. november 2018.
Informasjon om søknadsprosessen vert kunngjort i god tid på Riksantikvaren si nettside:
www.ra.no